Skuleåret 2026/2027
FAU, Orre skule

Dato: 04.11.2026, 17.30 – 19.00.
Deltakarar: Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Mari Hatteland (6.trinn), Rakel Lima Fjelltvedt (2.trinn), Stine Haugland (4.trinn), Mariana Petrova (vara 4.trinn), Renate Tunheim (1.trinn), Kine Rosland Sele (3.trinn) og Morten Høyland (5.trinn) og Janne Erga (7.trinn)
Fråfall: Stine Haugland

Saksliste:

Sak	Referat	Ansvar
	Godkjenning av referat frå sist Godkjenning av saksliste	FAU
Sak 3 26 - 27	**Årshjul møter** - Møte 3: 3.mars 17.30-19.00 - Møte 4: 28. april 18.00-19.00 - Sosialt: 28.mai	Rektor FAU
Sak 4 26 – 27	**Økonomi FAU** - Personnummer og Brønnøysund. Mari avklarar med Stine om det er i orden. Janne tek kontakt med banken for å melde frå om at Stine overtek ansvaret.	FAU
Sak 5 26 - 27	**Smarttelefonfri barndom** - Det er framleis interesse for og behov for å halde merksemda på temaet. Gjerne det bør leggjast meir vekt på god og trygg bruk av sosiale medier på mellomtrinnet, sidan fleire elevar allereie har smarttelefon. Temaet blir vidareført som sak på foreldremøte. Foreldre må gjerne også ta kontakt med FAU-representanten for sin klasse dersom dei har spørsmål. FAU vurderar korleis temaet kan haldast aktuelt vidare.	FAU
Sak 11 26 - 27	**Status skule og læringsmiljø** - Rektor informerar om at skulen har eit godt og stabilt arbeidsmiljø, med god kontinuitet parallelt med nokre nye som kjem inn ved naturlege utskiftingar. - Elevmiljøet blir gjennomgåande meldt og observert som godt. - Det blir forska på lesing og samanhengen mellom meistringsnivå 1-3 og nasjonale prøver på 4. trinn. Målet er å finne ut kva skulen må	Rektor



	arbeide vidare med for å løfte fleire elevar til meistringsnivå 2 og 3. - Aksjonskvelden var vellukka og samla inn eit betydeleg beløp til Nabari barneheim. - Det er lite sjukefråvær blant dei tilsette, men behov for fleire ressursar i SFO. - Neste skuleår kjem det eit stort førsteklassetrinn på 27 elevar. Skulen må ta stilling til korleis kullet skal organiserast. **Nasjonale prøver – utgreiing av resultat og framdriftsplan** - Det er stort nasjonalt fokus på lesing. Regjeringa har sett ned ein lesekommisjon som skal styrkje leseferdigheitene og stimulera til leseglede blant barn og unge. Kommisjonen skal levera sine konkrete tiltak til Kunnskapsdepartementet i januar 2027. - Klepp kommune har over tid hatt svake resultat på lesing - Både nasjonalt og kommunalt er det eit forsterka søkelys på dei svake resultata i lesing. Tal frå PISA synar at norske 15-åringar har lågare leseferdigheiter samanlikna med elevar i andre samanliknbare land. - På Orre skule er vi opptekne av at man også ser på dette i eit større bilete. Resultat kan ikkje sjåast på isolert til eit trinn/eit skuleår, mykje pga. at det er få elevar på trinnet - Det er eit trendbilete som vil gi oss det beste biletet. Det vil seie at man ser på tala over eit 5 årsperspektiv. Målet er da å sjå at tala på lesing stabiliserer seg på eit høgt nivå (minimum snitt for nasjonen) og at det ikkje svingar mykje frå år for år. - Det er viktig å ha med seg at eit slikt arbeid tek tid. Noverande mannskap på skulen har vore på plass i 2-3 år. Det tek tid å etablera gode system, planverk, satsingar og miljø. Eit godt leseresultat er ikkje berre eit utrykk for skulen sitt arbeid med lesing, men også fleire andre faktorar som må vere på plass	



	- Eit trygt og godt læringsmiljø, autoritative vaksne og stabilitet i kven vaksne dei yngste barna har dei fyrste åra på skulen er essensielt for å lukkast med leseopplæringa. Av den grunn er bemanninga særskilt høg dei fyrste åra. - Dei fyrste to åra er det den tekniske avkodinga og tempo som er viktig, men forståing og refleksjon blir meir og meir når den tekniske avkodinga er på plass – og på nasjonale prøvar 5.trinn er dette ei svært viktig del av prøva. - Kombinasjonen av desse utsegn seier mykje: «I repetisjon ligg ekstrem læring» og «Læring skjer utanfor komfortsona». - På Orre skule arbeider man aktivt med desse oppgåvene i leseopplæringa, og krevjande tekster (opp mot meistringsnivå 2 og 3) vert brukt i undervisninga på både 3. og 4.trinn. - Læring skjer best utanfor komfortsonen, og krav, forventingar, kondisjon, kultur og *lesefelleskap* er viktige nøkkelbegrep - Årets resultat på 5.trinn synar at det både i engelsk og rekning har stabilisert seg på godt over nasjonalt snitt (52 og 53 skalapoeng) - Resultatet på lesing er på veg opp (46 skalapoeng), men her er det behov for meir tid for å auke nivået dit skulen har satt seg som mål at det skal vere. Årets tal er som forventa og i samsvar med dei mål utviklingsplanen skisserer at vil vere oppnåeleg på kort – og lang sikt (1 – 3 år med dagens system og mannskap) og 3 – 7 år. - Arbeidet og skolens planverk viser at elevar på årets 1. – 4.trinn vil skåre bra, i snitt, også på nasjonal prøve i lesing. Det vil i så tilfelle syne at skulen sitt arbeid og strategiar dei siste 3 åra har lykkast. - Skulen har eit eige kartleggingssystem. Desse kartleggingane synar at småtrinnet no er på god veg og at utviklinga er som forventa og planlagt. Det igjen betyr at dei elevane som har vore ein del av skulen sitt noverande planverk og mannskap vil ha ei tilfredsstillande leseutvikling	



	og skåre godt når dei kjem inn på mellomtrinnet v. Orre skule - Vi får tilgang til Orre-elevar på VUS (Vardheia) 8.trinn, på gruppenivå, for å sjå korleis utviklinga er på mellomtrinnet hjå oss. Foreldre kan ta kontakt med eige kontaktlærar, avdelingsleiarane eller rektor dersom dei har spørsmål om resultata frå dei nasjonale prøvane, eller anna av det som er referert over	
Sak 12 26 - 27	**Saker frå klassene/FAU-kontaktar** - Frå sist. 2 trinn ønsker skjermfrie dager/uke. Aktivitetar i skolens regi utan skjerm. Sak utsatt til neste møte.	FAU
Sak 9 26 - 27	**Tidspunkt foreldremøte vinter/vår** - Foreldremøtet blir halde 11 mars kl 18.00 – 19.30 - Forslag om å dele småtrinnet og mellomtrinnet i kvar si gruppe i fellesdelen for å få eit litt meir aldersaktuelt innhald. - Opprettar ei arbeidsgruppe med foreldrerepresentant/FAU og avdelingsleiar. Arbeidsgruppa møtest ein gong i januar for å planleggje innhaldet til foreldremøtet. Avdelingsleiarar kallar inn til dette møtet.	FAU Rektor
Sak 13 26 - 27	**Trafikksikkerheit på skuleområdet – og på Pollestad og Orre** - Informasjon frå rektor om møte med kommunerep. - Korleis skal FAU ta saka vidare – og SU; kven gjer kva - For å prioritere tiltaka må det kartleggjast kva som er mest utfordrande i trafikkbiletet langs skulevegen, kva som blir opplevd som utrygt, og kva tiltak som bør prioriterast. Sak utsatt til neste møte	FAU Rektor
Sak 14 26 – 27	**Vennegrupper** Evaluere og vurdere Sak utsatt til neste møte.	FAU
Eventuelt/anna	**Kommunikasjon mellom FAU-medlem.**	FAU



	Bruker e-post. **Saker som må behandlast i neste møte/utsatt:** - Sak 13 26 – 27 - Sak 14 26 - 27 - Sak om «Skjermfrie dagar», frå 2.trinn - Sak om «Lekser på Orre skule» - Sak om «Skulefrukt», frå 3.trinn	

Referent: Renate Tunheim (Kenth Magne Åsebø-Trodal på punktet om «Nasjonale prøvar»

